

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Sør-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rissa.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Fosnø.

Oppskr. av: Johan A. Dybdal.

Gard: Krøknes.

(adresse): Rissa.

G.nr. 82 Br.nr. 11 og 24.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og tradisjon.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Ingen i ser.

## SVAR

1) Hein (a) er nemninga så å seia utan unntak.

Bryne kjenner folk her berre frå bøkene. Mange seier at dei ikkje har høyrd nemninga bryne og veit ikkje tydinga.

2) Heiner av naturstein rår grunnen. Ja, -leirskifer og kvartsitt. Skifer er framleis mest nytta til heiner for kniver og finare eggjarn. Kvartsitten til til ljå- og skjuruheiner og annan grovverin egg.

Folk kjøpte heinene frå kranbu i Trondheim for det meste, og gjer så enno.

"Skårvangheinene" frå garden Skårvang i Gudbrandsdal har vori serleg etterspurde og nytta til ljåheiner. Handelsvare.

Ne og då kan ein finna i jorda eller i fjæra eit stykke skifer eller ein kvartsittstein som etter maksla høver til hein og vert teken til det.

Handel med heiner i gamal tid har eg ikkje spurd.

Under vegskjæringsarbeid her i bygda fanst i fjor 5-6 heiner i dunge pålag  $\frac{1}{2}$  m under jorดยта.

Funnet tidfesta Museet i T.heim til kring 800-talet.

Ei av desse heinene var av leirskifer og hadde 4-kanta tverrprofil. Dei andre var av kvartsitt og hadde rundt tverrprofil. Middeltverrmål kring  $\frac{1}{2}$  tonne, lengd kring 9-10 tonnar.

Slaktarane i Trondheim nyttar heinar av rundtjarn  
kniver  
og husmødrene kvessar ~~kvixer~~ på komfyrkant og gruvstein  
i alle heinar.

Støypheiner vert framføde hos handelsmannen, men  
er lite nytta til vanleg bruk.

Karborundum-heiner kan ein før eit hende sjå nyt=  
ta til grovbruk, men fin egg gjev dei ikkje.

Så ymse anna komposita av støypeheiner, rakekniv=  
heiner (oljeheiner) kjøper folk ender og gong.

3) Reidskapen vert til vanleg først slipt, og så  
straks heina føre bruken. Sidan heinest under bruk  
fleir gonger til dess eggen vert "rund og sløv", så  
lyt ein slipa att. På rund slipestein. Ònner mak=  
sel slipestein er ukjend her.

4) Folk her kjenner ikkje til at ljå eller skjuru  
vart tynna i eggen med hammar i staden før å slipast  
eller før sliping vart teki i bruk.

5) Nei.

Både før og no er små, flyttbare slipesteiner nyt=  
ta ved utslåttar, men det vert meir og meir sjeldant  
brukt.

6) Til dess eggen er heina så av og <sup>sa</sup> "rund" at det ikkje  
løner seg å bruka ljåen lenger. "Bit ikkj meir".  
Eller kan verta så "steinhoggen" at han ikkje er bru=  
kande lenger.

7) Ja. Er ljåen nyslipt, nyttest helst ei fintoa  
hein. Når han mykje ukvass har vorten, lyt ein prøva  
å kvessa han opp att med grovhein og så samstundes  
fara over han med finhein.

Noko slag bryner av tre er ukjende her.

8) Ljåen sitt alltid fast på orvet under sliping og  
heining. Ein vender eggen mot seg under slipinga.

Nye ljåar sliper ein som tiast opp før ein surrar dei  
1 orvet. Før nytta <sup>dei</sup> ein tretåg til surringa, men no all=  
tid jarltråd (streng).

9) Ein stød ervenden mot jorda i skrå retning mot vinstre skulder, vinstre hand grip om ljàbakken ovafrå, tennelen oppå og dei andre fingrane på undsida av ljàbladet. Høgerhanda held heina i greipa med overtak. Og ein stryk ljàeggen meir eller minder skrått eller tvert ovafrå nedover skiftevis på kvar side. Tempo ein-to i skuddet sekundet eller noko meir langsamt, slik ein vil og venner seg til det.

Stutterv har gått heilt or bruk her i bygda, det er berre dei eldste som veit kva ordet tyder.

10) Stromp, var einaste namnet. Brukest no sjeldan.

11) Nei.

12) Nei.

13) Ein vater heina i dogga, i ein vasspytt eller ein berre spyttar på ho.-

Rissa den 21.mai 1948.

*Johan A. Dybdal*  
Johan A. Dybdal.

Utan betaling.

1705

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING